

PRESSEINVITASJON

4. oktober 2019

Konstituering og historisk markering av Vestland fylkesting

Det første Vestland fylkesting blir konstituert 15. og 16. oktober. Dei nye fylkestingsrepresentantane samlast for både politisk møte, opplæring som ny politikar og høgtideleg middag i Håkonshallen. På kvelden får fylkesordføraren for Vestland overrekt det nye fylkesordførarkjedet til ein nykomponert fanfare. Sjå info om akkreditering til Håkonshallen under.

Stad: Hotel Norge, Bergen

Program tysdag 15. oktober:

Kl. 10.30 – val av fylkesutval og fylkesordfører
vidare sakshandsaming

Kl. 13.00–14.00 Lunsj

Kl. 13.15–15.00 Møte i valnemnda

Program onsdag 16. oktober

Kl. 09.00–12.00 Møte i valnemnda

Kl. 09.30–12.00 Folkevaldeopplæring for fylkestinget – praktisk informasjon

Kl. 12.00–13.00 Samfunnsutviklarrolla v/Evy-Ann Evensen, fylkesrådmann i Telemark

Kl. 13.00–14.00 Lunsj

Kl. 14.00 Sakshandsaming

Saker til fylkestinget

Markering i Håkonshallen

Tysdag 15. oktober kl. 17.00–21.00: Markering av det første fylkestinget for Vestland

Leiar av fellesnemnda Anne Gine Hestetun og nestleiar Jenny Følling inviterer til middag og historisk markering i Håkonshallen av det første fylkestinget for Vestland fylkeskommune.

Blant dei inviterte er

- fylkestingsrepresentantane i Vestland
- noverande fylkestingspolitikarar frå Hordaland og Sogn og Fjordane
- representantar frå regjeringa, næringsliv, kultur- og organisasjonslivet
- inviterte innbyggjarar frå det nye fylket

Det blir talar, mellom anna av kommunal- og moderniseringsminister Monica Mæland og kunstnarlege innslag av Fargespill og Nøringen.

Nytt fylkesordførarkjeda

Ca. kl. 19.15: Ny fylkesordfører vil få overrekk den heilt nye fylkesordførarkjeda for Vestland til ei nykomponert fanfare, av Torstein Aagaard-Nilsen, framført av musikarar frå Sjøforsvarets Musikkorps.

Media som ønskjer å vere til stades i Håkonshallen, må melde frå med namn på journalist og ev. fotograf til kommunikasjonssjef Hilde Mæland. hilde.maeland@hfk.no innan fredag 11. oktober.

Det er ikkje naudsynt med akkreditering til fylkestinget på Hotel Norge.